



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200506237  
Arkivnr. 313  
Sakshandsamar Torgersen, Matti

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	26.10.06	264/06

## NOU 2006:16 STRUKTURVIRKEMIDLER I FISKEFLÅTEN - HØYRINGSUTTALE

Fylkesutvalet 26.10.06

**Tom-Charster Nilsen** sette fram slikt forslag:

” Pkt 5:  
Fylkesutvalet går imot innføring av ressursavgift.”

**Joril Christensen** sette fram slikt forslag:

” Pkt 1.: Som innstillinga.  
Pkt. 2.: Stryk alt etter ”stabilitet i kvotefordelinga viktig”  
Erstatt med: Likevel skal nasjonale styresmakter årleg kunne avsetja inntil 10 % av den nasjonale kvoten til landing og bearbeiding i spesielt utsett distrikt for å sikra sysselsetjinga i industrien. Fartøy i alle delar av landet som ønskjer å levera fisk for bearbeiding i den aktuelle regionen, skal behandlast likt.  
Pkt. 3: Som innstillinga.  
Pkt. 4: ... skal vere ” avgrensa til ei yrkeskarriere”.  
Pkt. 5: Stryk ... ”ved tidsavgrensa kvotar”.  
Pkt 6.: Som innstillinga. ”

**Mette Holmefjord Olsen** sette fram slikt forslag:

” Fylkesutvalet ønskjer større samfunnsmessig kontroll av ressursar og løyve (kvotar) og går imot tidsavgrensa omsettelege kvotar.

Overkapasitet vert halde fram som årsak til dårleg inntening i fiskerinæringa. Problemet i fiskeriflåten er ikkje først og fremst for mange fartøy, men for stor fangstkapasitet og at kapitalinnsatsen er for stor i høve til kva ressurstilgangen kan forrenta.

Fylkesutvalet ønskjer ein variert fiskeriflåte med både havgåande og kystnære fartøy som kan sikra busetnad og verdiskaping på land.

Det må leggjast meir vekt på andre kapasitetsregulerande tiltak enn struktur- og kondemneringsordningar. (viser til ”gr. 1” si innstilling.)

### Røysting

Holmefjord Olsen sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart vedteke mot 2 røyster (SV).

Christensen sitt forslag vedk. pkt. 2 fekk 5 røyster (A, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke mot 5 røyster (A, SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart vedteke mot 2 røyster (SV).

Christensen sitt forslag vedk. pkt. 4 fekk 3 røyster (A) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 vart vedteke mot 5 røyster (A, SV).

Christensen sitt forslag vedk. pkt. 5 fekk 5 røyster (A, SV) og fall.

Nilsen sitt forslag til nytt pkt. 5 fekk 3 røyster (H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5 vart vedteke mot 5 røyster (H, SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 6 fekk 5 røyster (A, Sp, V) og fall.

### VEDTAK

- 1 Fylkesutvalet meiner hovudfokuset i norsk fiskerinæring må vere marknad, lønsemd og auka verdiskaping frå dei tilgjengelege ressursane. Lønsemd må ligge til grunn for all næringsverksemd, også i fiskeflåten. Berre ved at flåten har god lønsemd vil den kunne gje trygge og gode arbeidsplassar, og berre slik vil vi kunne maksimere fiskeflåten sitt bidrag til samfunnet og lokalsamfunna langs kysten..
- 2 Vi viser til at næringa må ha stabile, langsiktige og konkurransedyktige rammevilkår. Vidare må vi syte for at den politiske risikoen er så låg som mogleg. I denne samanhengen er stabilitet i kvotefordelinga viktig. Uro kring dette viktige rammevilkåret er etter vår oppfatning særst uheldig. Fylkesutvalet vil derfor sterkt åtvare mot forslaget frå utvalet si gruppe 1 om omfordeling av kvotar mellom flåtegrupper. Hordaland fylkeskommune er prinsipielt imot regionalisering av kvoterettar i fiskeria, og går derfor klart mot dette.
- 3 Fylkesutvalet meiner ein må fortsette med strukturordningar. Det er overkapasitet også blant dei minste båtane, samt at også desse fartøyeigarane bør ha tilbod om å tilpasse seg med større kvotar. Vi legg difor til grunn at ein no innfører strukturkvoteordningar også for flåten ned til 10 meter. Med omsyn til lengdegruppeinndelinga i kystflåten finn vi at det ut frå eit mål om struktureringseffekt kan vere føremålstenleg at ein beheld gruppene slik dei er.
- 4 Fylkesutvalet går inn for at strukturordningane skal vere tidsavgrensa.
- 5 Fylkesutvalet sluttar seg til at det ved tidsavgrensa kvotar, er prinsipielt riktig å innføre ei ressursrenteavgift. Det må utgreiast modellar for dette som tek føre seg det totale avgiftsnivået for flåten og konkurransesituasjonen elles. Innføring av ressursrenteavgift må berre skje på grunnlag av ei netto avkastning ut over ”normalt”.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 27. oktober 2006

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen